



Arkivnr: 2016/836-3  
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016
Fylkestinget		14.06.2016

## Bømlopakken - auka lånegaranti

### Samandrag

Fylkestinget vedtok i 2009 å garantere for lån på inntil 350 mill. kr. Utbygginga har hatt god framdrift dei siste åra. I 2016 og 2017 har bompengeselskapet behov for å auke låneoptaket til oppunder 600 mill. kr.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen aukar garantiramma. Ein vurderer risikoen for å vere låg.

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune aukar sjølvskuldnargarantien for Bømlo Vegselskap AS til 600 mill. kr.
2. Garantien gjeld for hovedstol på inntil 600 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovedstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2030.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.04.2016**

Bømlopakken blei vedtatt gjennom Stortinget si behandling av St.prp. nr. 78 (2008-2009) Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland. Fylkestinget gjorde den 17.03.2009, sak 9/09, vedtak om å garantere for lån på inntil 350 mill. kr.

Det har vore god framdrift i utbygginga dei siste åra. I 2016 er det budsjettert med investeringar på 228 mill. kr, av dette 185 mill. kr finansiert med bompengar. For å gjennomføre dette, må bompengeselskapet auke låneopptaket monaleg i 2016 og 2017.

Bompengeselskapet har til no teke opp lån på 350 mill. kr. Det vil vere behov for å auke låneopptaket til opp mot 600 mill. kr i løpet av 2017. Dette krev auka garantisum.

**Vurdering av risiko**

Ein vurderer risikoen som liten for større kostnadsoverskridingar for pakken samla sett. Pakken er sett saman av ei rekkje utbetningsprosjekt. Omfanget vil bli tilpassa i høve til tilgjengelege midlar. Det skal ikkje bli sett i gang fleire prosjekt enn at ein vil kunne betale ned bompengelånet i løpet av 15 år.

Bompengeinntektene i 2014 og 2015 vart lågare enn føresett i berekningsgrunnlaget for pakken. For å rette opp avviket har bompengeselskapet søkt om å auke takstane. Det er søkt om å justere opp takstane med 23 %.

Fylkesutvalet slutta seg til ein slik takstauke i sak 45/2016. Takstauken er godkjent av Vegdirektoratet, og blir sett i verk frå 9. mai i år. I løpet av sommaren 2016 vil vi kunne få tilbakemelding på effekten av justerte takstar.

Ut frå dei siste kalkylene, vil Bømlopakken vere i stand til å finansiere investeringar i storleiksorden 410-440 mill. kr frå og med 2016 og resten av perioden. I denne kalkylen er det ikkje rekna med nokon vekst i trafikken.

Det vil bli gjort ein grundig gjennomgang av status i pakken så snart det ligg føre tilstrekkeleg med informasjon etter takstjusteringa. Det vil då bli vurdert kva nye prosjekt det er rom for å setje i gang.

**Konklusjon**

Fylkesrådmannen vurderer risikoen ved å gje garanti som låg. Sidan dette er ein pakke som består av ei rekkje prosjekt, vil det vere mogleg å justere omfanget av investeringane under vegs dersom kostnadene vert høgare enn føresett eller bompengeinntektene sviktar.

Alle prosjekta i Bømlopakken gjeld tiltak på fylkesvegar. Dette er også eit argument som talar for at fylkeskommunen garanterer for låneopptak til denne pakken.

Fylkesrådmannen rår til at maksimal garantisum vert sett til 600 mill. kr, + 10 % til påløpne renter og omkostningar.

Det er lagt opp til at bompengar skal innkrevjast i ein periode på 15 år, dvs. fram til 2028. Garantien gjeld til utløpet av innkrevjingsperioden, med tillegg av inntil 2 år, dvs. til utgangen av 2030.